



MOTTATT
27 JUN 2013

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

Høyring - NOU 2013:1 Det livssyns åpne samfunn

Generelle kommentarar

Utdanningsforbundet finn det positivt at Kulturdepartementet har sett ned eit utval for å gå gjennom staten sin trus- og livssyns politikk og presentere framlegg til endringar som kan medverke til å utforme ein meir heilskapleg politikk på dette området.

Utvalet har etter Utdanningsforbundet si vurdering gjort eit solid arbeid med breie og grundige drøftingar av svært mange problemstillingar knytt til religion og livssyn på ymse samfunnsområde.

Utdanningsforbundet vil i hovudsak avgrense seg til å kommentere utvalet sine vurderingar og framlegg på utdanningsområdet og forhold som spesifikt gjeld for barn og unge, til dømes i lys av Barnekonvensjonen. Vi finn likevel grunn til å kome med nokre overordna merknader knytt til utforminga av mandatet.

KAPITTEL1 – INNLEDNING

Utdanningsforbundet sluttar seg til dei åtte prinsippa for ein heilskapleg politikk som vert presentert i dette kapitlet.

Utdanningsforbundet er samd i utvalet si vurdering om at eit berekraftig framtidig fellesskap inneber at vi som samfunn identifiserer oss med og aksepterer eit synleg og reelt kulturelt mangfald. Vi bør såleis etablere institusjonelle rammer som gjer det muleg å vere norsk og leve i det norske samfunnet på mange måtar.

KAPITTEL 2 – UTVALGETS MANDAT OG ARBEID

Det følgjer av utvalet sitt mandat at arbeidet skulle byggje på premissen om at staten framleis skal føre ein aktivt støttande trus- og livssyns politikk. Utvalet skulle også leggje kyrkjeforliket til grunn for arbeidet.

Det følgjer også av mandatet at utvalet skulle presentere ein heilskapleg trus- og

livssynspolitikk og kunne gjere framlegg om «større endringer.» Ved presentasjonen av innstillinga 7. januar 2013 slo kulturministeren fast at vi treng ein open, frimodig, konstruktiv og nyansert debatt om trus- og livssynsspørsmål, og at vi må finne løysingar som skal kunne «stå seg over lengre tid.»

- *Utdanningsforbundet finn det på denne bakgrunn noko underleg at departementet i mandatet i så stor grad avgrensar utvalet sitt handlingsrom ved å basere mandatet på kyrkjeforliket av 2008. Om ein ser bort frå allereie vedtekne endringar i Grunnlova, er dette forliket tidsavgrensa til stortingsperioden 2009-2013. Dei politiske partia på Stortinget er såleis ikkje forplikta på forliket i sitt programarbeid for neste stortingsperiode. Utdanningsforbundet vil tru at vi kunne fått ein meir heilskapleg, open og frimodig debatt utan desse avgrensingane – og funne løysingar som betre kunne «stå seg over lengre tid.» Vi har merka oss at utvalet har funne grunn til å skrive eit eige kapittel som går ut over føresetnadene i kyrkjeforliket, og såleis også ut over rammene i mandatet.*

KAPITTEL 10 – EN FRAMTIDIG TROS- OG LIVSSYNSPOLITIKK, UT OVER FORUTSETNINGENE I KIRKEFORLIKET

- *Utdanningsforbundet støttar utvalet når dei presiserer at prinsippet om likehandsaming bør vere overordna argument basert på tradisjon og historiske forhold.*

KAPITTEL 11 – TRO OG LIVSSYN I DET OFFENTLIGE ROM

Stortinget vedtok i desember 2008 nye føremålsparagrafar i barnehage og skule. Bostadutvalet hadde i forkant av Stortinget si handsaming fått som oppgåve å gjennomgå og revidere barnehagen og skulen sine føremålsparagrafar, jf. *NOU 2007:6 Formål for framtida*.

Bostadutvalet si tilråding var å formulere dei samla fellesverdiane som grunnlag for opplæringa i skulen. Stortinget valde i stor grad å vektleggje dei same verdiane, men snudde resonnementet. I gjeldande føremålsparagraf, opplæringslova § 1-1, er det såleis i utgangspunktet to tradisjonar, «kristen og humanistisk arv og tradisjon» som vert framheva som det opplæringa skal byggje på. Så vert verdiane lista opp.

Eit fleirtal i utvalet går inn for ei omvurdering av gjeldande føremålsparagraf for skulen i samsvar med Bostadutvalet si innstilling. Fleirtalet meiner at dagens føremålsparagraf ikkje godt nok tek vare på prinsippa om likehandsaming, ikkje-diskriminering og vern av religionsfridom for alle. Noverande lovparagraf tek, i følgje utvalet, utgangspunkt i særlege tradisjonar som ikkje all elevlar kjenner tilhøyr til. Fleirtalet meiner såleis at paragrafen har ei innretning som i større grad fungerer som noko som skil enn som sameiner.

- *Utdanningsforbundet sluttar seg til utvalet sine vurderingar og rår til at § 1-1 i opplæringslova vert omforma i samsvar med Bostadutvalet si innstilling.*

- *Ei eventuell endring av føremålsparagrafen i opplæringslova bør følgjast opp av ei tilsvarende endring av føremålsparagrafen i barnehagelova*

KAPITTEL 13 – PLAGG OG SYMBOLER

Artikkel ni i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) slår fast at den einskilde sin religions- og livssynsfridom og uttrykka for denne berre kan avgrensast av ordningar fastsette i lov, og som er nødvendige i eit demokratisk samfunn ut frå omsynet til tryggleik, orden, helse, moral eller for å verne andre sine rettar. Det er såleis i hovudsak praktiske omsyn som skal nyttast som grunngjeving for eit eventuelt forbod mot symbol eller klesplagg.

- *Utdanningsforbundet støttar utvalet i at trus- og livssynspraksis må kunne utfalde seg i det offentlege rom, at ein bør ha ei open og raus tilnærming for bruk av symbol og klesplagg med religiøst eller livssynstilknytta opphav, og at det som hovudregel berre skal vere praktiske omsyn som skal kunne leggje avgrensingar på bruk av plagg og symbol knytt til religion og livssyn. Det er Utdanningsforbundet sitt syn at alle bør akseptere å verte eksponerte for andre sin trus- og livssynspraksis i det offentlege rom. Alle innbyggjarar i Noreg må ha ein tydeleg rett til å bere religiøse plagg og symbol, både i det offentlege rom, på arbeid og under sine studiar. Samstundes bør lærarar i ein fleirkulturell skule vere varsame med slik bruk.*
- *Utdanningsforbundet konstaterer at stortingsfleirtalet i Innst. 232 S (2010/2011) seier at «det er viktig at en lærer skal kunne kreve å se ansiktet til den som undervises.» Utdanningsforbundet meiner det bør gå fram av opplæringslova at elevar og lærarar skal kunne krevje å sjå ansiktet til kvarandre.*

KAPITTEL 15 – TROS- OG LIVSSYBSTJENESTE I OFFENTLIGE INSTITUSJONER

Bruken av skulen sine lokale som «bønnerom» har vore mykje omtalt i media den seinare tid. Bønnerom er ikkje regulert av opplæringslova. Det er såleis ikkje noko forbod mot bønnerom ut frå lovverkt. Det er heller ikkje noko plikt for skule eller skuleeigar til å leggje til rette for elevstyrt religiøs aktivitet eller utøving i skuletida. Samstundes følgjer det av skulen sin føremålsparagraf, § 1-1, at skulen skal fremje åndsfridom og toleranse, motarbeide alle former for diskriminering og syne respekt for den einskilde si overtyding.

Det er lang tradisjon i Noreg for å opne for elevar sin frie bruk av skulane sine ledige lokale. Dei kristne skulelaga har til dømes i lang tid nytta skulen sine lokale til andaktar og andre samlingar i friminutta.

Utvalet rår til at skulen er romsleg i høve til skuleelevar si eiga friviljuge organisering av religiøse eller livssynsbaserte grupper og samlingar, og ønsket om tilgang til rom for bønn o. l.

- *Utdanningsforbundet støttar utvalet si vurdering og meiner skule og skuleeigar bør vere imøtekomande overfor elevar som ønskjer å nytte eit av skulen sine ledige rom i friminutt og utanom undervisningstida. Det kan vere klasserom, bibliotek, gymnastikksal, auditorium, kantine e.l. til aktivitetar av ulik karakter, til dømes som*

bønnerom.

- *Utdanningsforbundet legg til grunn at aktiviteten er i samsvar med føremålsparagrafen i opplæringslova. Vi legg elles til grunn at aktiviteten er elevstyrt og elevdrive, er open for alle interesserte, at elevar ikkje vert utsette for press for å delta og at aktivitetane ikkje går ut over vanleg ro og orden i skulen.*

KAPITTEL 16 – HELLIGDAGSREGLER OG ANNEN FRI TIL UTØVELSE AV TRO OG LIVSYN

Lov om trdomssamfunn og ymist anna § 27a gjev rett til fri i to dagar for alle arbeidstakarar som ikkje høyrer til Den norske kyrkja.

Elevar i grunnskulen har betre formelle rettar enn arbeidstakarane. Det følgjer av opplæringslova § 2-11 at elevane har rett til permisjon alle heilagdagar innan sin religion, også når talet overstig to dagar.

I vidaregåande opplæring gjeld den allmenne retten til to dagar fri etter lov om trdomssamfunn § 27a. Det er såleis ulike rettar for elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Utvalet rår til at retten til fri for elevar i vidaregåande opplæring vert heimla i opplæringslova, men framlegget inneber inga realitetsendring i omfanget av rett til fri i høve til § 27a i lov om trdomssamfunn.

Utvalet peikar på at «det framstår som om det er en del usikkerhet om § 27a gjelder for studenter.»

Utvalet rår til at det vert eksplisitt uttrykt i universitets- og høgskulelova at retten til to dagar fri per kalenderår til eigne heilagdagar også gjeld for studentar.

- *Utdanningsforbundet støttar framlegget om at retten til fri for elevar i vidaregåande opplæring vert heimla i opplæringslova. Vi meiner at elevar i vidaregåande opplæring skal ha same rett til fri som elevar i grunnskulen etter § 2-11 i opplæringslova.*
- *Utdanningsforbundet støttar framlegget om å heimle retten til to dagar fri per kalenderår i Lov om universiteter og høyskoler.*

KAPITTEL 19 – BARNES INTERESSER OG RETTIGHETER

Barnet sitt beste

Det følgjer av SN sin konvensjon om barn sine rettar (Barnekonvensjonen) artikkel 3 nr. 1 at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle tiltak og handlingar som gjeld barn.

Det er i følge utvalet uklart kor grensene går mellom foreldreretten, barna sin

sjølvstendige trus- og livssynsfridom og omsynet til barnet sitt beste. Det er i følgje utvalet heller ikkje klart kor langt staten kan gå i å leggje vekt på barnet sitt beste til fortrenking for foreldreretten og trus- og livssynsfridomen.

Utvalet meiner at foreldreretten berre bør gjelde så lenge barnet sjølv ikkje er i stand til å ta grunngeve standpunkt om anna religiøst tilhøyr enn foreldra sitt standpunkt. Utover dette bør ikkje inngrep i barna sin eigen trus- og livssynsfridom ha grunngeving i foreldreretten.

- *Utdanningsforbundet sluttar seg til utvalet sine vurderingar om barn sine rettar*

Krav til barnet sitt samtykke ved val av privatskule

Det følgjer av ymse lovverk at barn sin rett til sjølv å ta avgjerder knytt til utdanningsspørsmål og inn- og utmeldingar av til dømes trus- og livssynssamfunn gjeld frå barnet er 15 år, men med ein rett til å få seie meininga si frå barnet er 12 år.

Utvalet rår til at aldersgrensa på 15 år skal gjelde som i dag, men at denne aldersgrensa vert kombinert med skriftleg samtykke frå barnet er 12 år ved val av skule på religiøst grunnlag. Det same gjeld for privatskular basert på anerkjend pedagogisk retning.

- *Utdanningsforbundet støttar framlegget om skriftleg samtykke frå barnet fyller 12 år for val av privatskule.*

Etablering av skular etter privatskulelova

Departementet kan godkjenne private skular. Det følgjer av privatskulelova § 2-1 andre ledd at skulane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag: a) religiøst, b) anerkjend pedagogisk retning (...)

Ein søknad frå Humanistskolen AS om å etablere ein privatskule på det sekulære, humanistiske livssynet er nyleg avslått av Utdanningsdirektoratet og stadfesta av Kunnskapsdepartementet. Utdanningsdirektoratet peikar på at dagens privatskulelov ikkje gir grunnlag for skular på livssynsgrunnlag, i motsetnad til tidlegare privatskulelov § 3 bokstav a. Kunnskapsdepartementet meiner vedtaket ikkje er i strid med forpliktingane etter EMK artikkel 14.

Utvalet finn det «meget overraskende» at Kunnskapsdepartementet hevdar at dette ikkje er forskjellshandsaming mellom religion og livssyn, og ikkje i strid med EMK.

Utdanningsforbundet konstaterer at lovavdelinga i Justisdepartementet i ei fråsegn av 10.05.2013 konkluderer med at «privatskuleloven § 2-1 annet ledd bokstav a må forstås slik at godkjenning av skoler som skal drive på grunnlag av et sekulært livssyn, ikke er utelukket.» Utdanningsforbundet legg til grunn at Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet endrar si lovforståing i lys av lovavdelinga si fråsegn.

- *Utdanningsforbundet stiller spørsmål ved om det faktisk har vore lovgjevar sin intensjon å stramme inn på grunnlaget for etablering av privatskular på grunnlag av livssyn.*

- *Utdanningsforbundet rår til at privatskulelova § 2-1 andre ledd vert endra slik at det opnast for etablering av private skular på grunnlag av livssyn.*

Offentleg støtte til private skular

Det er i dag ikkje noko menneskerettsleg plikt til å gje statsstøtte til religions- og livssynsbaserte skuletilbod. Eit fleirtal i utvalet meiner likevel at ein framleis skal gje offentleg støtte til private skular basert på eit religiøst grunnlag.

Eit mindretal på fire medlemmar peikar på at grunnskulen er ein av dei viktigaste arenaene der barn og føresette kan møtast på tvers av sosialgruppe, tru og livssyn, etnisitet og familiesamansetnad. I eit samfunn prega av mangfald er det viktig at denne fellesarenaen vert nytta til å utvikle band på tvers av skiljelinjer, og til å utvikle respekt for ulikskap. Dette mindretalet rår difor til at offentleg støtte til private skular på grunnskulenivå vert avvikla innan fem år.

Utdanningsforbundet har lenge argumentert for ein sterk offentleg fellesskule der elevane kan møtast på tvers av sosialgruppe, religion, livssyn og etnisitet. Vi meiner skular med slike faglege og kulturelle elevfellesskap best styrkar elevane sin identitet og best utviklar evnene deira til dialog, respekt og toleranse. Utdanningsforbundet er difor kritisk til å leggje til rette for privatisering av skule og utdanning. Utdanningsforbundet meiner samstundes at skal retten til å starte private skular vere reell, må staten støtte desse skulane økonomisk. Utan slik støtte vil talet på private skular truleg gå ned. Samstundes vil attverande skular vere baserte på sterk familieøkonomi, og ein vil i sterkare grad enn i dag sjå eit skilje mellom kommunal fattigdom og privat rikdom.

- *Utdanningsforbundet er samd med mindretalet i at det er viktig å styrkje den offentlege grunnskulen som fellesskapsarena. I eit samfunn basert på mangfald er det difor viktig å utvikle respekt for ulikskap innanfor fellesskapen sine rammer.*
- *Utdanningsforbundet støttar fleirtalet i utvalet i at staten framleis gir offentleg støtte til private grunnskular.*
- *Utdanningsforbundet meiner offentleg støtte til private skular må omfatte ulike trus- og livssyn, og ikkje berre kristne skular eller skular med alternativ undervisningsmodell.*

Fag- og timebyteplanen i private skular

Det følgjer av forskrift til privatskulelova § 2A-2 at skular på religiøst grunnlag kan flytte «timar mellom fag for å styrke fag som er særleg viktig i forhold til grunnlaget til skolen.»

Utvalet er usamd i dette og syner til at det ikkje finst ei tilsvarande generell opning for å tilby færre timar enn det fastsette minstetimetallet i ymse fag i den offentlege grunnskulen. Utvalet meiner undervisninga knytt til andre fag må følgje dei ordinære læreplanane for fag for å sikre alle elevar eit felles grunnlag for å «førebu eleven til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn.»

- *Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at det ikkje bør vere høve til å redusere timetallet i andre fag for å auke omfanget av privatskulen sitt religionsfag.*

- *Utdanningsforbundet rår til at § 2A-2 i forskrift til privatskulelova vert endra slik at ei styrking av særlege fag kan skje ved ei auking av timetalet utover minstetimetallet og ikkje ved å redusere timetalet i andre fag.*

Fritak etter opplæringslova § 2-3a

Det følgjer av § 2-3a andre ledd i opplæringslova at elevar kan få fritak «frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.» Fritaksretten gjeld i alle fag, men omfattar ikkje kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanane.

Det følgjer av opplæringslova § 2-3a sjette ledd at elevar som har fylt 15 år, sjølv gir skriftleg melding om fritak frå delar av opplæringa etter § 2-3a andre ledd.

Utvalet gjer framlegg om at grunnskuleelevane får ein sjølvstendig rett til fritak etter opplæringslova § 2-3a frå dei er 12 år, inklusive fritak frå delar av opplæringa i faget RLE. Utvalet sitt framlegg til § 2-3a sjette ledd lyder:

Elevar som har fylt 12 år gir sjølv skriftleg melding som nemnt i andre ledd.

- *Utdanningsforbundet støttar framlegget til endring av § 2-3a sjette ledd i opplæringslova*
- *Utdanningsforbundet støttar utvalet i at det er behov for meir kunnskap om korleis fritaksretten etter opplæringslova § 2-3a vert praktisert. Det bør utarbeidast ein oversikt over omfanget av fritak i dei ymse faga.*

Organisering av elevar på bakgrunn av kjønn, jf. opplæringslova § 8-2

Det følgjer av § 8-2 første ledd i opplæringslova at organiseringa av opplæringa til vanleg ikkje skal skje etter kjønn m.m. Det er såleis ikkje i samsvar med opplæringslova å ha fast kjønnsdelt opplæring i fag.

Utvalet sluttar seg til vurderingar frå Barneombodet om at det er problematisk å innføre ein normaltstand der idear om at omgang mellom kjønn ikkje er lovleg, skal styre undervisningsforma. Sjølv om det kan gjerast praktiske tilpassingar i undervisninga, bør ein i følge utvalet ikkje på generelt grunnlag leggje opp til kjønnsdelt undervisning, til dømes symjeundervisning.

- *Utdanningsforbundet støttar utvalet si vurdering om ikkje å opne for fast kjønnsdelt undervisning. Dette er også i samsvar med gjeldande rett på området.*

Skulegudstenester

Det følgjer av brev frå Utdanningsdirektoratet av 09.11.2009 at skulen kan gjennomføre gudstenester som ein del av si generelle kultur- og tradisjonsformidling. Gudstenesta kan ikkje vere ein del av RLE-faget. Gudstenesta bør heller ikkje ha karakter av semesteravslutning.

Utvalet streker under at skulen ikkje kan gjennomføre gudstenester slik som Utdanningsdirektoratet skriv i sitt brev. Utvalet uttalar:

«En gudstjeneste kan bare gjennomføres av et trossamfunn, Den norske kirke eller andre. Selv om mange, også barn kan velge å forholde seg til en gudstjeneste som observatør, er en gudstjeneste grunnleggende sett religionsutøvelse, og deltakelse i slik utøvelse må grunnleggende sett være frivillig for barnet, eventuelt bestemt av barnets foreldre.»

Innhaldet i denne kommentaren frå utvalet er samanfallande med Den norske kyrkja sitt syn på kva ei gudsteneste er.

Utvalet stiller på denne bakgrunn spørsmål om skulen skal opne opp for at barn i skuletida kan delta i religionsutøving i regi av trussamfunn.


Fleirtalet meiner det framleis skal vere muleg å gjennomføre skulegudstenester. Deltaking bør skje ut frå aktivt val mellom likestilte alternativ og «at det bør tilstebes en likebehandling av ulike trossamfunn.»

Eit mindretal i utvalet meiner at ei gudsteneste er ein aktivitet som ikkje høyrer heime i ein fellesskule for barn frå heimar med ulik oppfatningar knytt til religion og livssyn. Mindretalet peikar vidare på at det berre er Den norske kyrkja som er til stades i alle norske kommunar med tilsette og bygningar. Ideen om at likeverd vert oppfylt ved at også andre trus- og livssynssamfunn kan invitere elevane til religiøse handlingar, er i følge mindretalet ikkje reell. Å halde fast ved praksisen med skulegudstenester vil innebære å vidareføre ei indirekte diskriminerande ordning. Mindretalet syner vidare til at gudstenester ikkje er akseptert som ein aktivitet i faget RLE, som inkluderer undervisning om religion og livssyn. Dette bør i følge mindretalet også vere ramma for skulen sine andre aktivitetar.

- *Utdanningsforbundet legg til grunn at ei gudsteneste inneber religionsutøving basert på aktiv oppslutning frå dei som deltek og at skulegudstenester til vanleg inneber aktiv medverknad frå elevane i kyrkja sin liturgi.*
- *Utdanningsforbundet meiner at ein inkluderande fellesskule med elevar frå heimar med ulike oppfatningar knytt til religion og livssyn ikkje bør delta på slike skulegudstenester. Denne vurderinga vert styrkt av at gudstenester ikkje kan inngå i RLE-faget i grunnskulen der deltaking som observatør på gudstenester ville ha vore meir naturleg.*
- *Utdanningsforbundet støttar mindretalet i utvalet når dei peikar på at tanken om likeverd mellom ymse trus- og livssyn ikkje vil vere reell når det berre er Den norske kyrkja som er til stades i alle norske kommunar. Ei vidareføring av ein praksis med skulegudstenester i regi av Den norske kyrkja vil såleis kunne oppfattast som ei stadfesting av ei diskriminerande ordning.*
- *Utdanningsforbundet støttar utvalet i at ei eventuell vidareføring av dagens ordning må ha aktivt val mellom likestilte alternativ som premiss og «at det tilstrebes en*

likebehandling av ulike trossamfunn.» Utdanningsforbundet vil samstundes presisere at det er utfordrende å etablere likestilte alternativ, og at skulegudstenester kan føre til stigmatisering og motverke god inkludering.

Med vennleg helsing



Torbjørn Ryssevik
Seksjonssjef



Einar Ove Standal
spesialkonsulent